

Utviklingsmidlar

## **Sluttrappport Nynorske turbibliotek i Sogn og Fjordane (Ref #23b79dc1)**

Tildelt beløp: 800 000

Prosjektlengthe: Toårig frå 01.10. 2017 – 01.10.2019

Saksnummer: 2017/97

### **Opplysningar om søkjar**

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek / 974570971

Storehagen 1B

6800 Førde

**Leiar av institusjonen:** Siri Ingvaldsen / 90789828 / siri.ingvaldsen@sfj.no

**Ansvarleg kontaktperson:** Siv Hatlem / 57637952 / siv.hatlem@sfj.no

### **Mål for prosjektet**

Mål for prosjektet har vore å fremje leselyst og å synleggjere biblioteka.

Gjennom prosjektet ville vi auke kunnskapen om nynorsk språk og litteratur, gjere nye grupper kjende med litteratur og bibliotektilbod i kommunane, gi utvalde grupper felles natur- og kulturopplevingar og utvikle samarbeid mellom bibliotek og andre institusjonar og samarbeidspartar.

### **Oppsummering av resultat**

Prosjektet er gjennomført i samarbeid med folkebibliotek, skular og barnehagar, norsksenter og vaksenopplæringar i 18 kommunar i Sogn og Fjordane. Samla har det vore 68 litteraturarrangement på dagsturhyttene med over 1600 førskuleborn, ungdom og innvandrarakar som deltakarar.

Fylkesbiblioteket har initiert og styrt prosjektet, og folkebiblioteket har gjennomført i den enkelte kommune.

Prosjektet med dagsturhyttene har vakt stor merksemd blant innbyggjarane i Sogn og Fjordane, men også i heile landet, med fleire fylke som ynskjer å fylgje i fotspora. Besøksteljarar vitnar om at dagsturhyttene med det nynorske turbiblioteket er eit trekkplaster. Ut frå interessa og engasjementet som har vist seg sidan oppstart, kan ein slå fast at dagsturhytteprosjektet har bidratt til auka friluftaktivitet. Lesing som helsefremjande tiltak er veldokumentert, og etablering av nynorske turbibliotek i dagsturhyttene har styrka folkehelseperspektivet i prosjektet. Folkebiblioteka spelar ei viktig rolle i å fremje lesekompetansen i befolkninga, og bøkene og arrangementa på dagsturhyttene har gjort litteraturen tilgjengeleg og synleggjort biblioteka på ein ny arena. Her har vi treft breitt og både nye og etablerte bibliotekbrukarar.

### **Bakgrunn**

Det nynorske turbiblioteket spring ut frå det større fylkeskommunale prosjektet om etablering av dagsturhytter i alle kommunar i Sogn og Fjordane. Dagsturhytteprosjektet har som uttalt mål å leggje til rette for auka friluftaktivitet for å bidra til betre folkehelse, ref. [visjon i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019](#).

Første hytte kom opp i desember 2017, og i september 2019 var siste hytte på plass. Til saman er 26 hytter sette opp, éi i kvar kommune. Prosjektet med dagsturhytter i Sogn og Fjordane er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sparebankstiftinga til Sparebanken Sogn og Fjordane og kommunane sjølve.



*Helikopterløft av dagsturhytta Fjellro i Jølster. Foto av Eilif Rosnæs*

### **Dagsturhytte med nynorsk turbibliotek**

Fylkesbiblioteket har arbeidd med å etablere nynorske turbibliotek som del av dagsturhyttene for å stimulere til lesing og for å synleggjere biblioteka i kommunane. For å nytte ut potensialet i turbiblioteka, ynskta vi å leggje opp til tre delprosjekt retta mot høvesvis barn, ungdom og flyktingar/innvandrarak. Delprosjekta skulle skape felles tur- og litteraturopplevingar og prøve ut dagsturhytta som bibliotekets formidlingsarena. Eit viktig prinsipp i prosjektet har vore å vise fram tilbud utanfor bibliotekrommet for å nå ut til eit breiare publikum.

### **Det nynorske turbiblioteket**

Kvar hytte er innreia med utstillingshyller som utgjer det nynorske turbiblioteket. Fylkesbiblioteket har gjeve alle kommunane 20 bøker som ein grunnstamme til dagsturhytta. Folkebiblioteka har sjølve fått på plass bøkene i sitt turbibliotek, og har ansvar for fornying og tilsyn med samlinga, gjerne i samarbeid med organisasjonar, turlag e.l. Fylkesbiblioteket har utarbeidd informasjonsmateriell om turbiblioteka i samråd med folkebiblioteka.



*Det nynorske turbiblioteket på Draumekviva i Gløppen*

### **Barnehageturné**

Med barnehageturneen ville vi eksperimentere med moglegheitene dagsturhyttene som arena gav oss. Utforsking av naturen kan stimulere nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst og støttar barns lyst til å utforske og lære. Vi ville gje borna ei litteraturformidling som inviterte til rørsle og leik, og lage nye assosiasjonar til høgtlesing og kva litteraturformidling kan romme.



Med bakgrunn i dette vart bibliotekarar og barnehagelærarar inviterte til kurs i korleis skape ei formidlingsøkt basert på sakprosa med lesing, leik og læring. Om lag 20 deltakarar fekk to kursdagar der dei skulle førebu og skreddarsy sitt eige formidlingsopplegg tilpassa barn i alderen 3-6 år. Forfattar Erna Osland, illustratør Inger Lise Belsvik og skodespelar Adele Duus vart engasjerte som kurshaldarar. Etter kurset skulle deltakarane invitere barnehagar med på tur til dagsturhytta.

Fem kommunar har så langt tilbydd formidlingar på dagsturhyttene sine for førskuleborn. Totalt 13 barnehagar og over 200 born var samla fordelt på 11 arrangement i perioden frå juni til oktober 2019. Fleire kommunar har planar om å gjennomføre formidlingsstunder på dagsturhyttene i tida framover.



Gunn Dale Tufte formidlar for born på Gytta i Førde. Foto: Bente Lund



Trond Strand formidlar for barnehageborn på Kloppemyrshytta i Stryn

### Ungdomsturné

Tilbodet til ungdom vart to forfattarturnear. Ungdomstrinn på skular i utvalde regionar vart inviterte til forfattarmøte på dagsturhytta i sin kommune. Folkebiblioteka vart kopla på med sitt ansvar for turbiblioteka i hyttene og med si rolle i arbeidet med leselyst og litteraturformidling.

På den eine forfattarturnéen inngjekk vi eit samarbeid med Den kulturelle skulesekken (DKS). Fylkesbiblioteket engasjerte forfattar Anders Totland til å skrive eit essay med tema miljø, natur og klima-utfordringar. Med produksjonen ynskte vi at elevane skulle få reflektere rundt og diskutere miljøutfordringar med utgangspunkt i sin eigen kvardag. Før forfattarmøtet fekk klassane tilgang til teksten frå Totland i tillegg til eit diskusjonsark som dei kunne ta i bruk for å førebu seg. DKS tok



produksjonen inn i skulesekk-tilbodet og la turnéplan, og i to veker (veke 37 og 38 i 2019) reiste Totland rundt på dagsturhytter i Sogn.



*Forfatter Anders Totland formidlar for ungdom på Eikjabu i Luster*

Til den andre forfattarturneen engasjerte fylkesbiblioteket forfatter Peder Samdal. Han møtte ungdom i Nordfjord i veke 40 i 2019, og snakka med utgangspunkt i bøkene sine *Mario Balotelli forklarar Europa* og *Fotball uten grenser*, om fotballprofilar og samfunnsutvikling. Turnéen vart planlagt og gjennomført av fylkesbiblioteket og folkebiblioteka, i samarbeid med skulane. Folkebiblioteka var vertskap i sine kommunar.



*Forfatter Peder Samdal og døvetoalk Kathrine Kvalheim Osnes formidlar for ungdomsskuleelevar på dagsturhytta Kletten i Vågsøy*

Med fokus på sakprosa som tek opp tema som engasjerer ungdom og med forfattarmøte på dagsturhytta, ville vi motivere ungdomsskuleelevar til lesing. I tillegg har vi tru på tettare samarbeid mellom skule og folkebibliotek. Å opprette uformelle band mellom skule og folkebibliotek senker terskelen for å få til meir aktivitet saman som litteraturformidling og lesestimulerande tiltak.

I alt fekk ti kommunar besøk på dagsturhytta av anten Totland eller Samdal. Samla trefte vi fleire hundre ungdommar med desse turnéane.

Forfatter Peder Samdal på veg til Vetehytta i Bremanger. Foto: Trond



### **Gilgamesh: kulturmøte og forteljestund med verdas eldste forteljing**

Flyktningar, innvandrarar og lokalbefolkninga vart inviterte til vandring til dagsturhytta og forteljestund *Gilgamesh – kongen som nekta å døy* av og med Rolf Losnegård i Aldateateret. Målet var å skape gode møte mellom nye og etablerte innbyggjarar i kommunane og å leggje til rette for felles natur- og kulturopplevingar. Ved å gjere kjent den norske turtradisjonen og inspirere fleire til turglede og uteaktivitet, kan møteplassar som dagsturhytta bidra til å byggje tilhøyrsløse og samkjensle i lokalsamfunna.

Alle kommunane i fylket fekk tilbod om *Gilgamesh – kongen som nekta å døy*. Det vart gjennomført i åtte kommunar. Fleire av folkebibliotek hadde allereie skipa til foreteljestund om *Gilgamesh* i biblioteka før dagsturhyttene var på plass.

Biblioteka som tok imot tilbodet, samarbeida med lokale aktørar som norskopplæringa, flyktningkoordinator og Røde kors for å rekruttere deltakarar frå målgruppa. Nokre brukte boka *Gilgamesh: kongen som nekta å døy* av Rolf Losnegård til å førebu deltakarane, i tillegg til følgjeark fylkesbiblioteket, saman med forfattaren, utarbeidde til bruk i språkkafear. Dei fleste av framsyningane vart utført på dagtid, og det var mest innvandrarar og eldre som deltok. Nokre stader var det også tolk med, då gjennom samarbeid med skule.





Tur og litteratur på Vinjaåsenhytta i Aurland. Rolf Losnegård fortel historia om Gilgamesh. Foto: Anita Lærum



### Erfaringar og resultat

I den nye bibliotekstrategien legg ein vekt på at biblioteket skal bli synleg utanfor bibliotekrommet og vere til stade på nye arenaer. Med det nynorske turbiblioteket har vi etablert biblioteka på ein ny arena, nemleg dagsturhytta. Det har blitt godt mottatt av biblioteka og av lokalsamfunna. Å kunne trekkje inn i hytta og lese ei bok gir ein ekstra dimensjon til turopplevinga.

I dette prosjektet har vi samla erfaring frå kombinasjonen tur og litteraturformidling. Totalt 18 kommunar har tilbydd arrangement til dei tre målgruppene i prosjektet. I tillegg har fire kommunar hatt egne høgtlesingar under offisielle opningsmarkeringar av dagsturhyttene. Samla har altså 22 av 26 kommunar i Sogn og Fjordane hatt litteraturarrangement på dagsturhyttene. Det har gjeve oss verdifull kompetanse og erfaringar som kan fungere som modell for seinare arbeid.

I og med at formidlinga har føregått ute, er det fleire faktorar ein ikkje sjølv rår over. Det krev meir av arrangøren, formidlaren og publikum. Dagsturhytta som arena var også noko heilt nytt og ukjent, og det skapte ein del uvisse i samband med avvikling av arrangement i byrjinga. Kor stor plass hadde ein til rådvelde, skulle arrangementet vere ute eller inne, kor mykje uro kunne ein oppleve, korleis skulle ein organisere transport til startpunkt, og kor krevjande var det for deltakarane å gå til dagsturhytta?

Framsyingane måtte tilpassast og vere fleksible med tanke på varigheit og andre utføreseielege faktorar. Dagsturhyttene er på berre 15 kvadrat, med avgrensa sitjeplassar og fasilitetar som straum,

varme og toalett. Utanfor har dagsturhytta ein takoverbygd scene, men her må ein avvege mot ver og støy.

Men styrken til ein slik arena er at ein møter ei anna setting enn i bibliotekrommet og i klasserommet. Ramma for formidlinga kan gi andre assosiasjonar enn det den same formidlinga kunne gitt i eit anna rom. Det tilfører formidlinga noko og ein har andre forventingar.

Det kan vere spennande å få med seg eit arrangement som er utanfor bibliotekets fire veggjar. Det kan tiltrekke seg folks om vanlegvis ikkje besøker eit bibliotek, og for andre igjen, kan det vere eit avbrekk.

Å vere på tur er ein utandørs aktivitet som krev riktig klede og høveleg ver. Små føter har fått øvd motorikken. Men framleis er fleire av hyttene utilgjengeleg for dei minste. For andre igjen er det nye erfaringar med turkultur. For nokre var det utfordrande å gå: dei hadde ikkje godt nok fottøy og turen opp til hytta var av varierende vanskegrad. Her har det også vore ei læringskurve som krev meir av dei som skal delta på arrangement.

Med språkbarrierar er det alltid utfordrande å formidle litteratur. Og i tilfellet med Gilgamesh såg vi at dei som jobba med forteljinga på førehand, fekk mest ut av dagen. Dei hadde ofte spørsmål til utøvar etter framsyninga. Fleire kjende att historia.

Biblioteka i kommunane har sett av tid til å planlegge, rekruttere publikum og delta på sjølve dagen. Når arrangementet er utanfor biblioteket, kan det krevje opptil ein heil arbeidsdag for biblioteka å vere til stades. Det har nokre stader vore utfordrande å få det til å gå i hop med vanleg bibliotekdrift. I tillegg har biblioteka hatt ansvaret for få på plass bøkene i turbiblioteket, supplere med bøker, og i det vidare vil dei også ha ansvar for å halde turbiblioteket i eigen kommune ved like.

Biblioteka har fått erfaring i arrangørrolla, auka litteraturformidlingskompetansen, og fått drahjelp til å utvikle nærare samarbeid mellom bibliotek og andre kommunale institusjonar (barnehage, skule, opplæring). Ikkje minst har prosjektet gjeve oss nye tankar om bibliotekets rolle, synleggjering og formidling på arenaer utanfor bibliotekrommet.

### **Økonomi**

Prosjektet har vore arbeidskrevjande for fylkesbiblioteket og folkebiblioteka. Etableringa av turbiblioteka har m.a. omfatta innkjøp av bøker, frakt av boksamlingane til hyttene og utarbeiding av informasjonsmateriell. Planlegging og gjennomføring av turneane har kravd samarbeid med ein rekkje aktørar. Arbeid er såleis ein stor kostnad i prosjektet, og fylkesbiblioteket har i perioden engasjert medarbeidar til å avlaste fast tilsette.

Den største skilnaden mellom budsjett og rekneskap gjeld utgiftene til honorar. Honorarkostnadene er lågare enn budsjettert m.a. fordi DKS kom inn som samarbeidspartnar. Det gjorde at vi nådde ut til vesentleg fleire ungdommar, og gav oss samstundes høve til å bruke noko meir av ressursane til arbeid. Til barnehageturnéen valde vi å arrangere kurs i staden for å betale ut honorar til enkeltarrangement. Dette meiner vi vil gi større effekt på sikt. Når det gjeld marknadsføring, stod fylkesbiblioteket for ein stor del av dette sjølve. Samla er det brukt betydelege ressursar på prosjektet, og vi ser fram til gode ringverknader framover både i Sogn og Fjordane og i nye Vestland fylkeskommune.

### Vegen vidare

- Informasjon om dagsturhytteprosjektet vert presentert på heimesida, der vil ein også finne [presentasjonsfilm om dagsturhyttene](#)
- Vi vil presentere prosjektet på aktuelle konferansar og seminar
- Det er laga ein brosjyre om dagsturhytteprosjektet
- Det er utvikla ei dagsturhyttejakt via appen DNT SjekkUT
- Kurset som vart avvikla for å gjennomføre barnehageturnéen har auka formidlingskompetansen blant biblioteka, og fleire formidlingsstunder vert resultat
- Det nynorske turbiblioteket vert halde ved like av folkebiblioteka, og den nynorske litteraturen møter lesarar på dagsturhytta
- Fleire arrangement på dagsturhyttene vil kome i tida vidare
- Prosjektet vil danne grunnlag for nye tiltak for å stimulere til samarbeid mellom bibliotek, skule og barnehage. Erfaringane tek vi med oss i nytt fylke Vestland (Hordaland og Sogn og Fjordane). Det er planlagt nye dagsturhytter i noverande Hordaland.